
Saknr: 2020/45300-1
Saksbehandlar: Eli Marita Vik Næss

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		28.04.2020

Utlysing av driftskontrakt 4607 Sunnfjord Sør

Forslag til vedtak:

1. Driftskontrakt for Sunnfjord Sør vert lyst ut for fem år med driftsoppstart 1.9. 2021 til 31. august 2026, med mogeleg forlenging fram til 31.12.2029, med eitt års opsjon.
2. Dagens drift- og vedlikehaldsstandard vert lagt til grunn.
3. Fylkesdirektøren må komme tilbake med eiga sak dersom det blir aktuelt å endre opningstidspunkt på fv. 13 Gaularfjellet etter vinterstenging.

Samandrag

Driftskontrakt for drift og vedlikehald av fylkesveggar i område Sunnfjord Sør skal lysast ut på anbod vinteren 2020/2021 med oppstart 1.9.2021.

Driftsområdet for denne kontrakten vert endra både i 2022 og 2023 etter kvart som dagens driftskontraktar går ut, fordi vi vil endre områda for utlysing av framtidige kontraktar.

Dagens drifts- og vedlikehaldsstandard vert vidareført.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det er planlagt å lyse ut ny driftskontrakt for veg kalla 4607 Sunnfjord Sør vinteren 2020/2021 med oppstart 1. september 2021.

Historikk

Arbeidet med drift og vedlikehald av fylkesvegar har fram til 1.1.2020 vore organisert gjennom sams vegadministrasjon. Det vil sei at Statens vegvesen har drifta og forvalta fylkesvegane på vegne av fylkeskommunane.

Etter regionsreforma pr. 1.1.2020 har Vestland fylkeskommune overteke oppgåvene sjølv. Det er avklara overgangsordningar mellom Statens vegvesen og fylkeskommunane for oppfølging av allereie utlyste kontraktar.

Generelt om driftskontraktar

Med drift av vegnettet meiner vi oppgåver og rutiner som er naudsynte for at vegane skal fungere godt for trafikantane i det daglege. Vedlikehald betyr innsats og aktivitetar som tek vare på den fysiske infrastrukturen i eit lenger perspektiv, som å oppretthalde standarden på vegdekke, grøfter og vegutstyr i samsvar med fastsette kvalitetskrav.

Driftskontraktane omfattar i hovudtrekk:

- Drift av drencsystem for å sikre frie vassvegar
- Lapping og reparasjon av lokale skader på asfaltdekke
- Drift og vedlikehald av murar, støyskjermar, stabilitetssikring, kantstein, gjerde, rekkverk, skilt, rasteplassar, leskur m.m.
- Drift av grøntareal og skråningar, reinhald, inspeksjon av vegnettet, reinhald og reinsk av tunnelar, trafikkberedskap, inspeksjon og reingjering og enklare vedlikehald av bruer og kaiar
- Vinterdrift

Driftskontraktane omfattar ikkje:

- Dekkefornyng
- Oppmerking
- Drift av veglys
- Vedlikehald av trafikksignalanlegg og andre trafikkstyrings- og overvakingssystem
- Større vedlikehaldsarbeid på t.d. drenc- og avløpsanlegg, tunnelar, murar, bruer og kaiar
- Investeringsoppgåver

Standard som vert lagt til grunn

I driftskontrakten vil det blir lagt til grunn standard som går fram av Handbok R610 Standard for drift og vedlikehald av riksvegar. Dette er same standard som vart lagt til grunn då Statens vegvesen lyste ut driftskontraktar på vegne av fylkeskommunane gjennom sams vegadministrasjon. Vi ønskjer å gjera ei lita endring innan feiing av vegnettet for å tydeleggjera kva som er venta levert.

Utfordringar på vegnettet i kontraktsområdet

I kontraktsområdet er det store utfordringar med både vinterdrift, skred- og flaumsituasjonar gjennom året, som gir stor usikkerheit rundt kostnadsstyring, då akutte behov vil oppstå med jamne mellomrom. Det er i den nye kontrakten 86 registrerte skredpunkt, dette er punkt kor det kan oppstå hendingar som vil gi behov for akutt innsats for å kunne holde vegen open:

- Større nedfall frå usikra fjellsider
- Flaumsituasjonar i større og mindre elvefar
- Område med typisk årlege skred, eller sjeldnare
- Vinterdrift i snørike områdevar i kontrakten
- Problempunkt i kontrakten vinterstid
- Aukande nedbørsmengd
- Nedfall i tunnel
- Ustabile vinterforhold, med fleire overgangsperiodar mellom milde og kalde vèrperiodar.

Fleire av fylkesvegane har gammalt og slitt asfaltdekke over dårleg vegkropp, og tunnelane er av svært varierende kvalitet og alder. Det nye kontraktsområdet har ein høgfjellsovergang, fylkesveg 13 over Gaularfjellet, som i dag vert vinterstengt når vegen ikkje lengre kan haldast ope med lastebil og spissplog. Vinterstenging har normalt funne stad mellom 1. og 10. desember. Deler av vegen opnar til fredag før palmesøndag frå begge sider av fjellet, og fjellovergangen opnar etter vinterstenging 2. mai. Etter opning og i omlag 14 dagar er vegen svært utsett for skredhendingar grunna soloppvarming av snøen.

Vi tilrår difor å halde på kravet med lastebil og spissplog, men vurderer å legge inn fast stenging 1. desember om ikkje vegen er stengd før. Vi vil vurdere å utsette opninga til 15. mai av omsyn til tryggleiken for dei som opnar fjellet og trafikantane. Dette vil kunne medføre noko reduserte kostnader då det er mindre snø ved opning og det er lettare å kalkulere kostnad på vinterberedskap for tilbydar.

Vurderingar og verknader

Driftsperiode

Det er planlagt å lyse ut ny driftskontrakt for Sunnfjord Sør vinteren 2021 for perioden 1. september 2021 til 31. august 2026. Det er mogeleg å forlenge kontrakten med tre år fram til 31. august 2029 dersom partane er samde om det. Utover dette kan kontrakten lengast med eitt års opsjon, enten frå september 2026 eller september 2029. Vi legg til grunn at lenger kontraktsperiode kan vera gunstig ut frå føreseielegheit for entreprenøren og lenger tid på avskrivning av utstyr. Noko som bør resultere i gunstigare kontraktspris.

Driftsområde

I 2021 og 2022 er det 4 kontraktar som går ut i tidlegare Sogn og Fjordane. Driftskontrakt 1404 Indre Sunnfjord er den første kontrakten som går ut. Denne omfattar deler av Høyanger, Sunnfjord, Stryn og Gloppen kommunar. Denne får endra namn til 4607 Sunnfjord Sør.

Når driftskontrakt 1406 Hafs går ut 31. august 2022, vil vi la dette kontraktsområdet inngå i Sunnfjord Sør. Dette gjeld Askvoll, Solund og Fjaler kommunar og deler av Høyanger kommune.


Når kontrakt 1402 Midtre Sogn går ut i 2022 vil det bli gjort ei grensejustering der Balestrand og Gaularfjellet går inn i Sunnfjord Sør.

Når kontraktane 1404 Ytre Sunnfjord og 1407 Nordfjord går ut i 31. august 2023 vert det utført grensejusteringar i nordre del av kontrakten, slik at vegnettet nordaust for Moskog og fylkesvegar i Naustdal går ut og over til andre kontraktar. Då går tal km i Sunnfjord sør ned. Då først vil Sunnfjord Sør driftskontrakten vere fullstendig.


Overføring av vegar mellom pågåande og nye kontraktsområde vert gjort i samband med rullering av dei respektive kontraktane i 2021, 2022 og 2023.


Karta nedanfor syner kontraktsområda over tid.

Driftskontrakter
Sunnfjord sør 2021



Driftskontrakter
Sunnfjord sør 2022





Vegnettet

Vegnettet som inngår i driftskontrakt Sunnfjord Sør vil være:

	2021-2022	endring 2022	2022-2023	endring 2023	2023-2026
Fylkesveg	359 km	+ 586 km	945 km	- 192 km	753 km
Gs-veg	7 km	+ 12 km	19 km	- 1 km	18 km
I alt	366 km	+ 598 km	964 km	- 193 km	771 km

I arbeidet med Regional transportplan (RTP) ønsker vi å sjå på klassifisering av vegnettet generelt, og om det er fylkesvegar som bør omklassifiserast til kommunale vegar. Det er fleire vegar i kontraktområdet som kan være aktuelle for ei slik omklassifisering.

Økonomi

På grunn av at kontraktområdet vert større, og at det vil verte endingar over fleire år før den er fullstendig, kan vi ikkje samanlikne med tidlegare kontraktspris. Vi reknar ut i frå at kontraktspris pr km veg ikkje vert dyrare enn i eksisterande kontrakt, heller tvert imot.

Innføring av feiing (reinhald av vegbana) med faste intervall i form av område med vekesfeiing/månadsfeiing/årleg feiing, vil medføre noko høgare kostnad. Kvaliteten på vegnettet blir betre og ressursbruken på våre folk vil gå noko ned då det er tydlegare for entreprenøren kva krav vi set. Fram til 2015 var det krav om faste intervall, og erfaringa dei siste 5 åra utan slikt krav er at kvaliteten på feiinga har gått ned.

Kontraksstrategi

Vi tek utgangspunkt i standarden i handbok R610 Standard for drift og vedlikehold av riksvegar, og vil vurdere løysingar som reduserer noko av risikoen for entreprenøren i kontrakten. Her vil vi sjå på erfaring frå andre aktørar, som Statens vegvesen og dei andre fylkeskommunane.

Vedtakskompetanse

Denne saka skal avgjerast av Hovudutval for samferdsel og mobilitet, i samsvar med administrativt delegeringsreglementet gjeldande frå 14.1.2020.

Fylkesdirektøren vil komme tilbake med ei sak dersom det blir aktuelt å endre opningstidspunkt på fv. 13 Gaularfjell.

Konklusjon

Fylkesdirektøren for infrastruktur og veg vil lyse ut driftskontrakt for driftsområde Sunnfjord Sør på anbod vinteren 2020/2021 for perioden 1. september 2021 til 31. august 2026. Det er mogeleg å forlenge kontrakten med tre år fram til 31. august 2029 dersom partane er samde om det. Utover dette kan kontrakten lengast med eitt års opsjon.

Kontrakten vil verte lyst ut med driftsstandard som gjeld for tilsvarande riksvegar, og som er ei vidareføring av driftsstandarden i dagens kontrakt. Fylkesdirektøren vil komme tilbake med eiga sak dersom det blir aktuelt å endre opningstidspunkt på fv. 13 Gaularfjell.

I det vidare arbeidet med utlysing av driftskontrakten vil administrasjonen vurdere løysingar som reduserer noko av risikoen for entreprenøren i kontrakten for å få ned kostnadene.